

## **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 17.01.2018**

**Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim (Sp)** stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er styremedlem i Askøy Bompengeselskap AS. Ekrheim gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var inhabil. Utval for miljø og samferdsel vedtok samrøystes at Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim ikkje var inhabil etter forvaltningslova § 6, 1. og 2. ledd fordi Askøy bompengeselskap AS ikkje er part i saka.

Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim tiltredde saksbehandlinga.

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Miljø- og samferdselsutvalet viser til brev datert 20.11. 2017 frå fråviksgruppa i Statens vegvesen om fråvik frå vegnormalane i handbok N100. Utvalet godkjenner fråvik knytt til tunnelstigning på 7 % på Fv 212 Slettebrekka - Hetlevik for å tilpasse veg til terrenget og unngå riving av fleire hus slik tilfellet ville vore dersom maks stigningskrav på 5 % vert lagt til grunn. Avbøtande tiltak i tråd med avviksgruppa sine anbefalingar må følgjast opp.

Miljø- og samferdselsutvalet ber fylkesrådmannen om å vurdere fullmaktsreglementet knytt til fråvik frå vegnormalane på fylkesveg i eige saksframlegg.